

Utvalg: IU 4/22	Innovasjonsutvalget	Dato: 7.9.2022
IU-sak: 24/22		Arkivsaknr.:

Orientering om endringar i FORNY og lokale prosjektmiddel

Bakgrunn

Organiseringa av teknologioverføringsleddet i norsk akademia har vore til debatt i ei årrekke. Denne orienteringa gir innovasjonsutvalet (IU) oversikt over den siste utviklinga i saka, og IU vil bli oppdatert om vidare utvikling.

Innovasjonsutvalet fekk i sak IU 13/22 ei orientering om Nifu-rapporten 22:4, som mellom anna skisserer opp fire mulege grunnfinansieringsmodellar for TTO-sektoren. Denne er i dag i hovudsak er finansiert gjennom løyvingar frå FORNY-programmet, lokale prosjektmiddel og tenestekjøp frå eigarinstusjonane.

FORNY er det målretta programmet til Forskningsrådet for å auke kommersiell bruk av offentleg finansiert forskning. Lokale prosjektmiddel utgjer rundt 25 prosent av programmet, og finansierer tidleg verifisering av forskingsresultat på regionalt nivå hos VIS og dei ni andre norske TTO-ane. Lokale prosjektmiddel finansierer òg arbeid for å kvalifisere forskingsbaserte prosjekt til vidare finansiering. Midla blir tildelt kvar TTO etter konkurranse basert på resultat, tilfang av prosjekt, potensiale i forskingsmiljøa, arbeidsmetodikk hos TTO-en og andre faktorar. Lokale prosjektmiddel er slik eit viktig virkemiddel for mange av prosjekta UiB har hos VIS, særleg i den tidlege fasen før ein har fått tilslag på større prosjekt.

VIS søker årleg om rundt 10 millionar kroner i lokale prosjektmidlar, som fordele spå alle eierne.

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
Personal- og indirekte kostnader	7.630	7.630	5.898	4.794	7.597	33.549
Innkjøp av FoU-tjenester	370	370	0	0	0	740
Utstyr	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	2.000	2.000	2.810	3.541	3.500	13.851
Totalsum	10.000	10.000	8.708	8.335	11.097	48.140

Framlegget frå departementet

9. august sende Kunnskapsdepartementet ut en «anmodning om innspill» til endringar i FORNY og lokale prosjektmiddel.

Departementet skriver dette om prinsippene bak forslaget:

Det er prinsipielt riktig og viktig at FoU-institusjonene selv tar et ansvar for kommersialiseringsarbeidet i tidlig fase. Dialogene med og mellom aktørene, og ikke minst kompetanseprosjektene i TTOene som Forskningsrådet har tilrettelagt for, har bidratt

ytterligere til økt forståelse for kompleksiteten i denne strukturen, og viktigheten av arbeidet som gjøres i den tidlige fasen («TTO-funksjonen»).

Ordninga skal omfatte alle offentlege forskingsinstitusjonar, inkludert forskingsinstitutt og helseforetak, men kun omfatte TTO-funksjonen.

Departementet vil i ein overgangsfase i 2023-2024 dele støtta inn i tre nivå, basert på tidlegare aktivitet, mens neste utlysing for 2025-2026 skal tildelast etter eit meir gjennomarbeidd og forankra mål-, krav- og kriteriesett.

Institusjonane må matche midla med 50 prosent, og nivået på løyvinga er tenkt vidareført. Men talet på søkarar kan bli langt høgare enn dei ti TTO-ane som så langt har fått lokale prosjektmiddel. Tildelt sum per institusjon vil difor venteleg vere lågare.

UiBs høyringssvar

I tillegg til å gje innspel til UHRs svar har UiB likevel sendt ei tilbakemelding til Kunnskapsdepartementet, der ein peiker på at det er svært uheldig at ein ikkje ber om innspel frå UiB i denne saka. UiB stiller seg bak at dagens ordning med lokale prosjektmiddel er for uoversiktleg, og at ei endring kan bidra positivt til innovasjonsarbeidet. UiB er og einige i at FoU-institusjonane bør ha ansvar for kommersialiseringsarbeidet allereie frå ein tidleg fase.

Universitetet er derimot kritiske til den foreslåtte nivåinndelinga, som framstår som lite hensiktsmessig og utgreidd, og at dette opnar for endå fleire indikatorar sektoren skal målast på.

Ei matching på 50 prosent eigenfinansiering frå FoU-institusjonane er langt høgare enn i andre program, og ein risikerer at aktivitetsnivået blir seinka på grunn av dette.

Oppsummering

Saken legges for utvalget til orientering.

Vedlegg:

Svar fra UiB på anmodning om innspill til forslag til endringer i FORNY og lokale prosjektmidler

Svar fra UHR på anmodning til forslag til endringer i FORNY og lokale prosjektmidler

Anmodning fra departementet om innspill til forslag til endringer i FORNY og lokale prosjektmidler